



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13642 - 21/23868

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:
10.04.2021

Stadfester mottatt klage på vedtak om dispensasjon for etablering av båtopptrekk - gbnr 172/1 Hopland

Tiltak: støype båtopptrekk
Byggjestad: Gbnr: 172/1
Tiltakshavar: Johannes Hadler Hopland
Ansvarleg sækjar:

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage den 26.03.2021 .

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen vert handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte. Møtet vert halde i formannskapssalen på Frekhaug eller som digitalt møte. Meir informasjon om politiske møte ligg på kommunen si heimeside.

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føre til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert vedtaket det er klaga på oppretthalde av utvalet, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Vestland ved setjstatsforvaltar for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I motteke klage er det oppmoda om utsett iverksetting av vedtak datert 10.03.2021 der Utval for areal, plan og miljø gav dispensasjon for rehabilitering av båtopptrekk. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskaplege og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vere ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje.

I denne saka er det gjeve dispensasjon frå byggeforbodet i pbl § 1-8 for oppføring/rehabilitering av båtopptrekk. Strandsona er underlagt eit særskilt vern og omsynet til strandsonevernet står sterkt.

Etter ei førebels vurdering av klagen er det kome fram tilhøve som tilseier utsett iverksetting av vedtaket i denne saken.

På bakgrunn av dette er vurderinga at det vert gjeve utsett iverksetting av vedtaket.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Statsforvaltaren i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Arealforvaltning

Siril Therese Sylta
tenesteleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Johannes Hadler Hopland

Seimsleitet 85

5912

SEIM

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER